

## Årsmøte Nysæter kyrkjelyd 10. mars 2019

Årsmøtet vart halde i kyrkjelydssalen kl. 12.15, etter gudstenesta.  
35 personar til stades.

Årsmøtet vart leia av soknerådsleiar Elisabeth V. Fauskanger.

### Årsmelding for soknerådet v/Elisabeth, soknerådsleiar 2018

Elisabeth presenterte soknerådet si årsmelding for 2018. Etter å ha lese statistikken for Nysæter kyrkjelyd ser ein at trenden på alle tiltaka; frå gudstenestedeltaking, takkoffer, konfirmantar, deltakarar på T-dagar mm, er at alle tala går nedover i forhold til tidlegare år. Men at kyrkjelyden slett ikkje skal mista motet av den grunn. Kyrkja har verdens beste budskap. Soknerådet jobbar for å skape arenaer i kyrkja som appelerer til folk, og gjer at folk har lyst å komma til kyrkja. At ein ser på kva ein kan gjera i vekedagane, og ikkje berre på gudstenester søndagar. Elisabeth peika på måla for 2019 som står i årsmeldinga til soknerådet: *Vårt hovudmål for arbeidet i 2019 er at fleire i bygda vår skal få gode opplevingar i kyrkja og oppleve at kyrkja er aktuell for dei.*

Kommentarar:

- Fyldig og god årsmelding, kjekt å lesa. Leitt at tala går ned.
- Ynskje om å ha fleire kolonner i statistikken på side 2; medlemsmasse, og inn- og utmeldingar.
- Jørgen informerte om antall medlemmar, og inn- og utmeldingar.
- Takka for godt fellesskap i kyrkja, trygg og god plass å vera.

### Årsmelding ved sokneprest Jørgen

Tala går nedover, og ein skal ta det på alvor. Men soknerådet sitt fokus dette året; "Vidare ut-Djupare inn" handlar ikkje om tal. Soknepresten er glad for å jobbe saman med engasjerte personar i sokneråd og frivillige som tar ansvar for arbeidet i kyrkja.

Kommentarar:

- Det er veldig fine og gode gudstenester, og fantastisk å vera i lag med ein så fin kyrkjelyd.
- Me må fortelja venner og kjente kor kjekt det er, og be dei med på gudstenestene.

### Årsmelding for NKU

Ingrid Grimstad snakka litt om arbeidet til ungdomsrådet. Dei stortrivdes med oppgåvene og er glad og takknemlege for at dei har så god støtte frå kyrkjelyden. Til hausten vil tre av medlemmane i ungdomsrådet flytte for vidare skulegong. Tre av årets konfirmantar vil overta kyrkjekaffi for ungdom til hausten.

### Kyrkjemusikk og Sanctus

Jens Arne Stautland snakka litt i Bjarte sin plass då han var gått heim pga feber. Han peika på Bjarte som ein dugande flink kantor som i tillegg til sjølv å ha flott kyrkjemusikk, og er veldig god på å trekke inn barn og unge. Dette er med på å toppa og berika gudstenestene. Bjarte er god på å motivere dei ikkje lenger fullt så unge aktørane i Sanctus. Dei har det kjekt og godt i Sanctus!

### **Trusopplæring v/Elisabeth**

T-tiltaka som vart gjennomførte i 2018 var kjekke samlingar, med innhaldsrike aktivitetar. Men tala går nedover her og. T4 og T14 konfirmasjon er dei tiltaka med størst oppslutnad. Babysong hadde og ein oppsving, vart arrangert i samarbeid med Stord. Elisabeth peika på barne- og ungdomsarbeidet som vert drive på Sagvåg bedehus der det er mange barn på dei ulike aldersbaserte tiltaka. Kan bruke ressursane i lag med bedehuset.

### **Diakoniutvalet v/Ingebjørg Grønsdal**

Ingebjørg viste til årsmeldinga, det var 1 møte og få saker i 2018. Arbeidet som er satt ned i utvalet går sin gong. Nysæter sokneråd har oppretta ei arbeidsgruppe som har fokus på diakoni. Dei har planar om å arrangere treff for småbarnsforeldre.

Kommentarar

- Språk-kafe på Horneland bedehus er ein av dei få kafeane på Stord som det kjem mykje folk på. Ynskje om at fleire vil vera med og bidra til at innflyttarar frå andre land får kjennskap til norsk kultur, og at dei snarare lærer norsk.

### **Gudstenesteutvalet v/Jørgen**

Gudstenesteutvalet har gjort nokre grep i forhold til gudstenestene ved å legge til rette for breiare deltaking i utforming og gjennomføring av gudstenestene. Ulike grupper har blitt utfordra på å jobba med spesielle "fokusgudstenester".

### **Rekneskap 2018 v/Elisabeth**

Det er Stord kommune som fører rekneskapen for soknerådet, og rekneskapet frå dei var ikkje klart før årsmøtet. Difor er rekneskapet som ligg ved i årsmeldinga kun retningsgivande, og ikkje eit endeleg rekneskap. Rekneskapet er kun lagt ved som orientering over kva som er gått ut, og kva som er komt inn. Det vart og vist til vedteke budsjett for 2019.

Kommentarar:

- Spørsmål om givarteneste. Elisabeth orienterte om vedtaket soknerådet har gjort angående dette. Det vil framover bli skipa til basar annakvart år i staden for å starte ei givarteneste. Det kjem mykje pengar inn på ein basar, antageleg meir enn via ei givarteneste. Kyrkjeringen i lag med soknerådet bidrar til gevinstar.
- Hildegunn: arbeidet med gjevarteneste vart forsøkt starta opp, men ulike årsakar gjorde det vanskeleg å få i gong.
- Kommentar om kyrkjeringen er teken med på råd når det no blir basar annakvart år isatdenfor tredjekvart. Elisabeth svara at det var gjort. Soknerådet vil på ingen måte gje kyrkjeringen ei større belastning, men sjølv supplere med gevinstar til basaren.
- Heine: Kulturutvalet har bestemt at Festivalen KyrkjeLyd blir spreidd gjennom heile året, og ikkje som ein festival over ein kort periode. KyrkjeLyd blir som ein "paraply" for arrangementa.

Elisabeth avslutta med å takka for frammøtet, og for gode innspel og tilbakemeldingar.

Reidun Andersen, sakshandsamar  
skrivar